



FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 4

August 2020

Årgang 86 år



**Eg hugsar godt haust-
dagen i 1927 då den nye
fine Sundvor kyrkje vart
innvigd. Les meir på side 7.**

FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Fung. kyrkjeverje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

PRIVATE TELEFONAR

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Fung. kyrkjeverje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

Trusoppplæring

Stefan Andre H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström 95 52 96 30

Norunn Rød Markhus Permisjon

Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Hans Einar Markhus Permisjon

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:

Harald Geir Sæther

Toril Hjartåker Hauge

Eit liv som læresvein



Sokneprest
Einar Ekerhovd

Eg har hatt stor glede og nytte av å lese Oddvar Søvik si siste bok: «Følg meg». Ei lettlest, men grundig bok om å leva som læresvein i 2020. Bibelsk fundert og konkret i si utfordring. Han skriv: «De første kristne var et annerledes folk. De levde et liv i sannhet, renhet, enhet, kjærlighet og ærlighet. De var lys og salt i en verden som levde i mørke og var i forråtnelse, moralsk sett. Det var trolig den viktigste årsaken til at hele evangeliet spredde seg til den hele datidens kjente verden i løpet av en generasjon».

Og vi kan føye til: Dei rekna med Gud i sin kvardag. Utan Den heilage Ande kunne dei ikkje gjere noko av byggande karakter i Guds rike. Den gong som no.

Det er interessant å sjå på dei menneska Gud plukka ut til å gjere ein forskjell i si samtid. Dei var ikkje blant dei fremste av folket når Gud kalla dei, men fylt av Anden og leia av Anden fekk dei gjort storverk.

Eg tenkjer på Gideon frå domartida. Den yngste frå den minste slekta og ingen rekna med han. Men Gud såg han og reiste han opp til å bli ei mektig kjempe. Han skulle mønstra ein hær for å kriga mot Midjanittane og klarte å stille med 32000 menn. For mykje sa Herren. Om dei vann over Midjanittane med denne styrken kunne dei ta æra sjølv. Då sa Gideon at dei som var redd, kunne gå heim. Og 22000 satte kursen heimatt. Men også det var for mykje. Til slutt var det att 300 menn. Og ved Herrens hjelp og listige strategi vann dei ein lett siger.

Eg ser for meg David. Då Samuel skulle finna eit nytt kongsemne i Israel gjekk han til Isai sitt hus. Han hadde 8 søner og alle var i grunnen kongsemner. Den eldste steig fram og blei forkasta. Slik gjekk det med dei seks neste også. Då var det David kom på banen. Han var ute å gjette sauene og ingen rekna med han. Men han hadde Herren sett seg ut og Samuel salva han til konge og slik står det i 1. Sam. 16, 13: «Då tok Samuel hornet med olje og salva han midt mellom brørne hans. Frå den dagen kom herrens ande over David og var med han sidan.» Også når han fall i djup synd. Når han blei avslørt, angra han og ba om tilgjeving. Anden avslører ikkje synd for å dømme, men for å gje anledning til oppreisning og nytt liv. Og han fekk ei mektig teneste.

Det er mange andre vi kunne trekt fram som gode eksempel både frå bibelsk tid og vår eigen historie. Hans Nielsen Hauge er ein av dei. Den enkle bondeguten som fekk eit møte med den levande Gud midt i utøvinga av sitt yrke. Det forandra ikkje berre mannen, men også heile samfunnet blei påverka av hans gudgitte utrustning og andelege erfaring. Desse trusheltane frå tidlegare tider er som oss. Vanlege menneske som Gud får bruke, fylle med sin Ande og virke gjennom. Det var viktig den gongen, det er like viktig i dag. Bli fylt av Anden, lev som ein læresvein. Ikkje strev, men ta imot.



Barne- og ungdomsarbeidet i Coronaperioden

Det har vore stor aktivitet også under Corona-tida når det gjeld å nå ut til barn, ungdom og familiar. Både Petra som jobber med familiar og dei minste, og Stefan og Einar som møter ungdommen – har jobba på andre måtar enn før. Mykje går digitalt med direkte kontakt med familiar og ungdom, og Facebook er eit av fleire måtar å nå desse flotte borna, ungdomane og familiane på. Det har ikkje vore lett og møtest fysisk dei siste månadane, men som bileta viser har det også godt an å få det til etter at ein har fått retningsliner å halde seg til. Det er viktig å ha respekt for desse retningslinene og andre lokale bestemmelser som vert gjort – i ei utfordrande tid – ikkje minst for dei som skal handheve regelverket lokalt – for vår del i Bjørnafjorden. Vi går eit spanande nytt halvår i møte der vi framleis må vere førebudd på endringar og restriksjonar – samstundes som at vi skal nå ut med evangeliet om Jesus! Vi legg ved nokre bilete som viser korleis vi jobbar no.

Petra og Bella

Petra og Bella har vi så vidt blitt litt kjend med rett før sommaren. Kanskje dukker Bella også opp i haust?



Ungdomar på Ungdomsalpha



Bilete er teke i ei tid der det var krav om avstand på 2 meter. Det virker litt spesielt dette, men det fungerte bra. Slik det ser ut no vil ungdomsarbeidet til hausten kun-

ne drivast på ein måte som ikkje har same krav til avstand som før. Stefan og Einar har hatt samlingar for ungdomar, både Alpha og konfirmantundervisning.

Konfirmantarbeidet

I vår har ein hatt konfirmantundervisning, og då fulgt retningslinene som er bestemt for vår verksemd. Dette stiller ekstra utfordringar til dei som har ansvaret for undervisninga. Slik det ser ut no vil ein få meir vanleg opplegg for konfirmantar komande år. Konfirmantleiren går truleg som planlagt i september, og at konfirmantundervisninga kan bli nærmast som normal. Men vi veit der kan kome endringar om situasjonen endrer seg i landet vårt, evt lokalt i Bjørnafjorden.

I vår har mykje av kontakten med konfirmantar og andre ungdomar skjedd digitalt. Det fungerte bra, men er langt på nær det same som når ein møtest ansikt til ansikt! Dette håpar vi no skal normalisere seg.

Eiga Facebookside for småbarnsfamiliar

Petra saman med Stefan har oppretta ei eiga barneside for småbarnsfamiliar i vår. Her vert det lagt ut andaktar, informasjon, reportasjar og helsingar. Du kan søkje opp «Fusa sokn si barneside».



VIL DU STØTTE

BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET I KYRKJELYDEN?

Det har vore eit spesielt år for alle, også for kyrkjelyden og arbeidet vi driv, m.a barne- og ungdomsarbeidet. Gåvene vi får til dette arbeidet er viktig for at vi skal kunne nå ut til barn og unge. Vi legg ved ein giro i dette bladet slik at alle som ønskjer å støtte barne- og ungdomsarbeidet vårt kan bruke den. Du kan også nytte VIPPS, søk opp 90436 Fusa sokn.



TAKK FOR INNSATSEN TIL STEFAN, ARRANGEMENTS-KOMITEEN, ALLE MEDHJELPARAR OG ALLE SOM HAR BIDREGE MED GÅVER OG STØTTE TIL ÅRETS WALK AND RUN!



Walk and Run 2020

- Engasjement - folkefest og innsamlingsrekord!

Det var med blanda kjensle ein i år skulle arrangere Walk and Run. Den vart først avlyst pga Covid-19, men Stefan ville ikkje høyre det – og tok initiativ til sjølv å ta eit løp for alle laurdag 6. juni 2020. Så vart det ein folkefest likevel – der folk sto i grupper langs vegen og heia Stefan fram frå han starta laurdag morgon ved Sundvor kyrkje, og var framme til Strandvik kyrkje før kl.18.00. Størst oppmøte var det i Eikelandssosen. Oppmøte der var såpass stort at vi måtte sjå til å spre alle som var kome dit for å heie Stefan fram.



Fest langs vegen!

Det var mykje liv langs løypa Stefan sprang. Ved Sundvor kyrkje før kl.07.00 møtte folk opp for å støtte Stefan. Ved Hjartåker sto første gruppe med menneske og heia Stefan fram. Så gjekk det slag i slag. Folk hadde møtt opp med norske flagg langs løypa, heia han fram og spelte glad musikk. Barn og ungdom sprang vegstykke saman med Stefan, vaksne og ungdom sykla saman med han. Til og med på rullleski følgde ungdom saman med Stefan.

Helsing og takk ved Bruktbuo!

Når Stefan kom til Bruktbuo i Eikelandssosen var det stor stemning. Her vart det ein kort stopp; både varaordførar Mikal Leigland og soknerådsleiar Roald Samnøy hadde ei helsing, og overrakk Walk and Run gavesjekkar på kr.25.000,- frå kommunen og kr.15.000,- frå soknerådet. Til stor glede og oppmuntring møtte dr. Einar Eriksen og kona Lillian-Rose også opp ved Bruktbuo, og Einar kom med ei takkehelsing til Stefan og

Her kjem Stefan i mål ved Strandvik kyrkje etter å ha gjennomført ca 67 kilometer. Ved sidan han over mål følgjer Tobias Samnøy Olsen. Soknerådsleiar Roald Samnøy saman med Øyvind Nordbø har gjort klar til målgang! Dopapir kan nyttast til så mangt, også målsnor 😊.

Fusafolket. Og på Bruktbuo var det stor aktivitet og godt sal!

Rekordresultat!

Pr 1.august er det passert kr.332.000,- Vi trur dette må vere rekordresultat når det gjeld innsamlingsaksjon i Fusa (gamle Fusa kommune). Gode TV-aksjonsresultat har vore opp mot kr.300.000,-. Det set i perspektiv kva engasjement det er i store delar av Fusafolket når det gjeld å hjelpe brannskadde born i Etiopia og dr Einar Eriksen sitt arbeid der. Frå å avlyse Walk and Run pga Covid-19 vart i staden Walk and Run gjennomført med rekordresultat!!!! HJARTELEG TAKK til alle som har gitt ei gåve til årets Walk and Run! Det er framleis mogleg og støtte årets Walk and Run. Gåver kan gjevast til Fusa sokneråd sin gåvekonto 3530 25 86215 og

merk den med «Etiopia». Fleire har hatt sine egne Walk and Run-arrangement – og her kan nemnast Strandvik Montessoriskole og fleire privatpersonar og familiar, både born og vaksne! Takk til alle desse!

Takk til arrangementskomiteen

Årets arrangementskomitee har vore fungerande dagleg leiar ved frivilligsentralen Henriette Tverli Dale, konsulent ved kyrkjekontoret Endre Tveit, trusoplærar Petra Dahlstrøm og ungdomsarbeidar Stefan Andre Svendsen. All honnør til denne ungdomlege komiteen for innsatsen. Walk and Run har elles vore eit samarbeid mellom Bruktbuo, frivilligsentralen og Fusa sokneråd der alle har stått på for å få dette gode resultatet!





Her er supportargjengen i Sævareid!



Første gruppe langs vegen møtte Stefan ved Hjartåker.



Varm mottaking med flagg og heiarop i Hålandsdalen!



Heia Stefan! Fansen står på!



Mykje folk hadde møtt opp då Stefan kom til Bruktbuo, og vi måtte spre folket ein del!



Varaordførar Mikal Leigland kom med helsing til Stefan, og trakk fram det fine og gode engasjementet for ei flott sak – som både Stefan viste og mange med han!



Takk til Strandvik Montessoriskole som arrangerte sitt eige Walk and Run. Flott resultat: kr. 8.720,-.



Musikk frå livets begynnelse

Babysong måtte gå ut i sin tradisjonelle form sist vinter/vår. Mange småbarnsforeldre sakna dette, og Petra la til rette for at det kunne

utførast utandørs i juni måned. Interesse var stor, ein måtte ha påmeldingar, og dei to samlingane var fullteikna.



FOTOKONKURRANSE 2020

I år er temaet for Fusakalenderen «Haust». Ta med deg fotoapparatet og gå ut i naturen! Det skal vere eit naturbilete frå Fusa kommune, og det må ha god kvalitet! Frist er torsdag 1. oktober 2020.

Bileta kan sendast på e-post til post.fusa@kyrkja.no. Vinnaren (motivet som vert vald) vil få utbetalt kr.2.000,-. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål.

Fusa sokneråd



Takk for minnegåve

Fusa sokneråd takkar for minnegåva på kr.8.050,- som vart gitt til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden i samband med Sigrid Indrebø si gravferd.

Bønesamlingar

Onsdagar i partalsveker kl.17.30-18.00 samlast vi til bønesamling kring i bygdene våre. Bli gjerne med. Vi har eit fast opplegg på samlingane, som skjer på Foer bedehus, Bogøy bedehus, Nordtveit bedehus, Hålandsdalen kyrkje og i Eikelandssosen bedehus.

Stor oppslutning om dåp om dagen!

Det er kjekt å sjå at det er stor pågang til dåp i Fusa sokn om dagen. Frå midten av mai til 2. august har det vore 18 dåpshandlingar, fleire med eigne dåpsgudstenester. Oversikten finn de på side 11.

Ta kontakt om de har ønskje om dåp eller har spørsmål om dåp, om det gjeld eit lite barn, ungdom eller vaksen! Ta kontakt på tlf.56580181 eller på epost til post.fusa@kyrkja.no.



STRANDVIK
Transport og Maskin AS
5643 STRANDVIK | strandvik.no | dulten@online.no
☎ 56 58 21 11 | ☎ 918 44 000 | ☎ 900 12 126 | ☎ 918 18 592

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

☎ 951 56 327 storum@fusi.no

Malerfirma

Kenneth Samnøen

5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38

HERBALIFE
ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppsspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

www.signeg.goherbalife.com/nn-no



Eg hugsar godt haustdagen i 1927

Helga Samnøen, fødd på Berge i Lukksund humrar framleis over barndomsminna sine. Ho hugsar så godt den haustdagen i 1927 då den fine, nye Sundvor kyrkje vart innvigd. Då var ho 6 år.

Tekst og foto: Astrid Heidal

Sundvor var midtpunkt og samlingspunkt for bygdene kring Lygrefollen, Lukksund og Nordtveit, med butikk, postopneri og telefonstasjon for veglause bygder. Og no ny kyrkje! Alle som kunne krypa og gå, 300-400 menneske kom roande til Sundvor for å vera med på den store innviingsdagen. Å få si eiga kyrkje hadde dei arbeidd for og samla inn pengar til i årevis. Endeleg kom festdagen, eit år etter at kyrkja var bygd. Haustveret var surt og regntungt. Men søndagen for innviingsfesten kom med solskin og glede. Dagen etter regna det igjen. Festnemnda hadde invitert gjester som dei spanderte middag på. Andre tilreisande fekk kjøpa seg mat på Sundvor.

Alt dette var nok ikkje i tankane til 6-åringen Helga Berge. Men som dei andre var ho oppglødd over dagen og festen.

Midt i folkemengda som stimla oppover frå sjøen til kyrkja var også ei rekkje inviterte prestar. Dei hadde på seg sine lange, kvite prestekjolar. Helga hang i handa til mor. Inne i kyrkja ser ho undrande på alle prestane og spør med høg barnestemme: Er dei englar alle desse?

Mor fortalde seinare at ho vart så skjemd at ho håpa at kyrkjegolvlet vil le opna seg, fortel Helga. Men jenta undra seg endå meir. - Eg såg på alle dei kvite der framme ved alteret og venta og venta på at englane skulle slå ut vengene og letta...

Bestemor var gammal og skral og kunne ikkje vera med på innviinga. Då me kom heim att til Lukksund etter festen, sprang eg oppglødd inn i stova til henne og fortalde om alt frå den store dagen. - Og armane på



Helga Samnøen frå Lukksund runda i juni 99 år.

prestekjolane var altfor store, fortalde eg og demonstrerte kor vide dei var. Bestemor hadde fylgt nøye med på kyrkjebygginga og var veldig interessert. Ho ville så gjerne høyra om alt frå festdagen. Og tårene rann nedover kinna hennar då eg fortalde, hugsar Helga.

Helga og lysekruna

I 2002, til 75års-jubileet for Sundvor kyrkje, hadde Fusa kyrkjeblad ein prat med Helga Samnøen på Berge. Då fortalde ho: - Eg hadde min faste plass på galleriet i lag med syster mi, Selma, når det var gudsteneste, og hugsar så godt då ho var ny. Det var stas og høgtidsstemning då Hans B. Hjartåker på ein vanleg preikesøndag fortalde om symbola i den nye kruna. Så var det kome lys i kyrkja! Store, kvite stearinlys skein så vakkert frå den nye lysekruna midt i kyrkjerom-

met. Tidlegare hadde det vore lys berre på alteret.



Midt i kyrkjeskipet heng den spesielle og vakre lysekruna. Foto: Iman de Zwarte.

met. Tidlegare hadde det vore lys berre på alteret.

Heile verda i Guds hand

Lysekruna i Sundvor kyrkje er laga av to elevar på Norsk Kunsthandverkssule på Voss i 1939. Ho kosta 425 kroner. Heile kruna heng i ei svart smijarnshand som eit symbol på jorda som er halden oppe av Guds mektige hand. Kruna er elles full av kristne symbol.



SPAR **Fusa**

Man-fre **8-21**
 Lørdag **9-20**

Tlf. 56582133
 spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
 handel hos Spar Fusa!**

ASVO Fusa AS

www.asvofusa.no
 post@asvofusa.no
 tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSOSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med
 sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbriketter og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon
 og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

Alltid god service og rimelege prisar!

**BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
 Tlf. privat: 56 58 51 19
 Telefax: 56 58 11 99
 Mobil: 970 63 526
 E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
 5649 EIKELANDSOSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
 BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**

**Hordaland A/S
Rørteknikk /s**

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget



VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON
 Holsundveien 285, 5642 Holmefjord
 Telefon: 56 58 09 90 - E-post: post@h-rt.no

**MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS**

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
 Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
 E-post: firmapost@alfhjellev.no

VESTLANDSKE LIMTRE
 INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD
 Tlf./fax 56 58 07 00
 Tlf./fax 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner
 Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtreno.no

www.vlimtreno.no



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS

5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60
 E-post: post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no

**FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD****Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa
 Tlf. 56 58 22 86
 Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A

P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no

**Fusa
Ferdigbetong as**

5640 Eikelandsoesen

Betongpumping - ferdigbetong
 sand - singel - grus
 transport - maskinarbeid
 betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10
 Mobil 913 65 482 / 951 87 421
 E-post: post@fusabetong.no



BLI MED!

Både du som har gått på Alpha og alle andre er velkomne til å bli med på kveldsundervisning i Eikelandsosen bedehus. Oppstart onsdag 9. september kl.19-ca.21. **DETTE BLIR BRA!** Påmelding til kyrkjekontoret, tlf.56580181, eller på e-post til post.fusa@kyrkja.no.

Vi følgjer opp Alpha med KVELDSBIBELSKULE!

Dei siste åra har vi regelmessig arrangert Alpha-kurs i kyrkjelyden. Desse kursa har hatt god oppslutning og tilbakemeldingane er gode. Det siste kurset rakk vi ikkje å avslutte før Coronakrisa satte ein stopper for å samlast. Den siste kvelden stod att. Vi trur at konseptet med Alpha er ein god modell for å møtast. Og denne hausten vil vi invitere til samlingar som liknar på Alpha. Sosialt, nyttig, kjekt og lærerikt. Vi kan nok ikkje satse på så mykje servering av god mat, men nokre enkle forfriskningar blir det. Kveldsbibelskule? Ja, kvifor ikkje. Vi trur det er viktig å bli godt forankra i Bibelen for å kunne tenke, handle og leve som kristen i vår tid. Det er så mange ideologier og tankebygningar

som påvirker oss heile tida i den sekulære verda. Og vi treng litt bibelsk fundert motvekt.

Det er prestane Anette-Emilie Gangstø og Einar Ekerhovd som står for undervisninga. Utgangspunktet for undervisninga er David Pawson (ein mykje anerkjent bibel lærar frå England) si omfattande bok: «Unlocking the Bible». Det er ei bok på 1339 sider som tar for seg alle skrifter i Bibelen. Her får ein oversikt over både kultur, histore og samanhenger som gjer ordet forståeleg. Samstundes tar han ut dei viktigaste lærepunkta i kvar bok og lar oss gå litt i djupna på ein forståeleg og enkel måte. Vi skal ikkje ta for oss alle bøkene, i første omgang, men dukke ned i eit variert utval. Bibelen er Guds sanning om seg

**PÅMELDINGSFRIST
FREDAG 4. SEPTEMBER!**

sjølv og korleis vi skal forholde oss til dette. Veit du, forresten, kva for bok i Bibelen som ikkje nemner Gud? Dette kan bli interessant.

Ein undervisningskveld vil bestå av to bolker. Ein med stoff frå det gamle testamente og ein med fokus på det nye testamente. Vi har lagt opp til 8 samlinger utover hausten. Annakvar onsdag kl 19.00 til ca 21.00 med oppstart 9. september. For å kunne legge til rette og planlegge godt ynskjer vi at ein melder seg på bibelkurset. Det gjer ein ved å ringe kyrkjekontoret 56 58 01 81 eller sende mail til post.fusa@kyrkja.no

Vel møtt til ein spanande haust med solid undervisning om og frå Bibelen.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE I HAUST!

Vi håpar stadig fleire finn vegen til gudstenester i haust. På dei fleste gudstenestene er det ledig plass, og det sjølv om vi gjennomfører restriksjonar som følgje av Covid-19. Skulle ein oppleve at det vert fullt og ein vert avvist, så trur vi ein møter forståing for det. I vår har vi gjennomført fleire eigne dåpsgudstenester i kyrkjene slik at det skal vere plass til alle som kjem til vanleg gudsteneste. Vi vil framleis ha eigne dåpsgudstenester også i haust når det er trong for det. **SÅ VELKOMEN TIL KYRKJE!**

Familiemix og ungdomsgudstenester

i haust i Eikelandsosen bedehus

13. september kl.15.00 – Avslutning av konfirmantleiren

11. oktober kl.11.00

8. november kl.11.00

29. november kl.11.00

Ungdomsgudstenester

13. september kl.15.00

18. oktober kl.19:00

15. november kl.19:00



Tilbod til born og ungdom i haust

Vi oppmodar at de følgjer med i informasjon i kyrkjeblad, lokalpresse og på Facebook når det gjeld aktivitetar som vert sett i gong for born og ungdom ut over hausten.



Friluftsklubben Noah. Følg med ut over hausten for å sjå kva aktivitetar som kjem i gong.



REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os
Tlf.: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no
www.verden.no

Følg oss på Facebook 

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no
www.solheimelektro.no



Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

  Følg oss på facebook og instagram.



Tombre

www.tombre.no

SPAR

Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245
bpeikelandssosen@bunnpris.no



5643 STRANDVIK
Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no

Fusa og Samnanger

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

 SparebankenVest
avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER
www.spv.no



Norheimsund

TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker



Gudstenester i Fusa sokn

29.08.2020 - 18.10.2020

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
August				
29.08.	11:00	Sundvor kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laur. e. 12. s. i treeiningstida
30.08.	10:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	13. søndag i treeiningstida
30.08.	12:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	13. søndag i treeiningstida
September				
05.09.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laur. e. 13. s. i treeiningstida
05.09.	13:00	Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laur. e. 13. s. i treeiningstida
06.09.	11:00	Strandvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Vingardssundagen
13.09.	15:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdoms-/familiegudsteneste	15. søndag i treeiningstida
20.09.	11:00	Fusa kyrkje	Familiegudsteneste	16. søndag i treeiningstida
20.09.	16:30	Sævareid kapell	Familiegudsteneste	16. søndag i treeiningstida
27.09.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Familiegudsteneste	17. søndag i treeiningstida
27.09.	16:30	Strandvik kyrkje	Familiegudsteneste	17. søndag i treeiningstida
Oktober				
04.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	18. søndag i treeiningstida
04.10.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	18. søndag i treeiningstida
11.10.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	19. søndag i treeiningstida
18.10.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	20. søndag i treeiningstida
18.10.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	20. søndag i treeiningstida
18.10.	19:00	Fusa kyrkje	Ungdomsgudsteneste	20. søndag i treeiningstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå **KYRKJEBØKENE**



Dåp

Hålandsdalen kyrkje

- 21.05.2020 Emil Fredriksen Oen
- 21.05.2020 Sigmund Fredriksen-Gjøen
- 30.05.2020 Even Bekkenes Aakre
- 30.05.2020 Jenny Askeland Gjøen
- 13.06.2020 Julie Hansen
- 13.06.2020 Olivia Hansen-Austestad

Fusa kyrkje

- 31.05.2020 Emilia Kjærland
- 21.06.2020 Kristoffer Ekeberg
- 21.06.2020 Emmie Nerhovde Håvik
- 21.06.2020 Luna Nerhovde Nordtveit
- 02.08.2020 Victor Korcsmár Håvik
- 02.08.2020 Henrik Samnøy Glesnes
- 02.08.2020 Thea Kristin Roald Vinsjansen
- 02.08.2020 Adam Kjønne Kleivane

Sundvor kyrkje

- 07.06.2020 Melvin Husevik
- 19.07.2020 Nikolai Gulholm
- 19.07.2020 Dina Augusta Coban Helland



Vigsel

Strandvik kyrkje

- 20.06.2020 Michael Williamson og Mathilde Søviknes

Hålandsdalen kyrkje

- 08.08.2020 Pål Marius Rød og Rebecca Elisabeth Dyrli



Gravferd

Fusa bu- og behandlingssenter

- 27.04.2020 Jostein Jonsvoll, f. 24.09.1929

Sævareid kapell

- 02.05.2020 Nils Rune Sandal, f. 13.11.1946

Hålandsdalen kyrkje

- 09.06.2020 Sigrid Indrebø, f. 20.04.1934



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Informasjon frå fungerande kyrkjeverje Harald Geir Sæther:

Sævareid kyrkjegard ferdigstilt!

Det er med glede at ein no ser at utvidinga av Sævareid kyrkjegard er ferdigstilt. På gravplassen er det lagt til rette for 89 kistegraver og 60 urnegraver. Vi synest gravplassen ligg naturleg og fint plassert i terrenget, og vonar at folket i bygda vil sjå seg tent med den. Der er framleis nokre graver ledige i det feltet vi no nyttar. Det vil bli fylt opp før vi tek i bruk det nye arealet. Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vil takke grunneigar og andre som har bidrege til å finne gode og tenlege løysingar. Også ein takk til tidlegare Fusa kommune og noverande Bjørnafjorden kommune som har bidrege økonomisk slik at fellesrådet kunne gjennomføre arbeidet.



Hålandsdalen kyrkjegard

Neste prosjekt som gjeld gravplassane i Fusa sokn er Hålandsdalen. Kva gjer vi der? Gravplassen er snart full. Skal den nyttast vidare må ein anten skaffe nytt areal, dvs. truleg ein ny gravplass. Alternativt er å ta i bruk att gamle graver. Det er leire som er jordsmonnet, og difor er det dårleg eigna. I løpet av hausten startar ein å planlegge kva ein skal gjere! Det er lite aktuelt å tenkje ny gravplass, det vil i så fall bli gravplass nr. 1 i soknet vårt. Eit anna alternativ er utviding. Det er også lite realistisk pga høge kostnader og at ein oppnår få graver der det er mogleg å utvide. I så fall står ein att med å ta i bruk gamalt areal. Truleg må ein i så fall høgne terrenget. Det kan også bli ei utfordring med tanke på kravet om universell utforming, altså at alle skal kunne ha høve til å kome seg fram på gravplassen. Kan vi greie å ta i bruk arealet med nye kistegraver? Kan alternativet bli berre urnegraver i Hålandsdalen? Eller, lar deg seg ikkje gjere å ta i bruk området på nytt i det heile? Her står vi no, og dette er utgangspunktet når vi skal gå i gang å vurdere dette 2. halvår 2020.

Urnegraver

Vi vil oppmode folket i Fusa sokn om å vere meir bevisst på om kremasjon og urnenedsetjing kan vere eit alternativ til kistegravlegging. Vi har mange gravplassar kring i Fusa sokn, og etter kvart vil desse fyllast opp. Vi legg no meir og meir til rette for urnegraver i åra som kjem. I dag har vi eit eige lite urnefelt i Strandvik – på Aakre gravplass, på Fusa, i Hålandsdalen og i Sævareid. Det vil etter kvart bli lagt til rette for dette både på Baldersheim og på Hjartnes. For nokre år sidan var det få bisettingar (altså seremoni før kremasjon) i Os, no er kremasjonsprosenten om lag 50%! Vi ser at talet bisettingar også stig litt i Fusa, men vi vonar at andelen kremasjonar vil auke vesentleg også hos oss i åra som kjem. Det er arealbesparande, og dessutan mindre kostnader for etterkommarane når det gjeld festeavgifter m.v.

